

**SAMMEN GIR VI BARNDOMMEN VERDI:
LEK OG GLEDE, HVERDAGSMAGI OG VENNEGARANTI!**



ÅRSPLAN

➔ 2017-2018 ➔



Ostereidet

INNHold

1. Barnehagen vår	3
2. Presentasjon av personalet	4
3. Planarbeidet	5
4. Pedagogisk plattform	6
5. Barns medverknad	9
6. Satsingsområde.....	10
7. Dokumentasjon og vurdering av arbeidet.....	15
8. Fagområda i rammeplanen	19
9. Trafikksikker kommune.....	23
10. Overgangar	24
11. Kompetanseheving av personalet.....	25
12. Årshjul i ostereidet FUS barnehage	26



BARNEHAGENS VISJON:

**SAMMEN GIR VI
BARNDOMMEN VERDI:
LEK OG GLEDE, HVERDAGS-
MAGI OG VENNEGARANTI**



1. BARNEHAGEN VÅR

Ostereidet FUS barnehage er ein barnehage driven av FUS as og eigd av Trygge barnehager. Barnehagen opna i nye lokalar 7. september 2009 og har ca. 60 plassar for barn i alderen 0 -6 år.

Barnehagen vår har 3 avdelingar fordelt på to etasjar.


- ✿ Hokus 4 – 5 år
- ✿ Pokus 2 – 4 år
- ✿ Filiokus 0 – 2 år

Ostereidet FUS barnehage ligg i eit område med mange moglegheiter. Det er kort veg til skogen og til sjøen. Skulane på Ostereidet og Ostereidet kyrkje er våre næraste naboar som vi har godt samarbeid med.

To fredagar i månaden får vi besøk av bokbussen der vi kan lese og låne bøker.

Andre samarbeidspartnarar:

- ✿ Samarbeidsutvalet i barnehagen som består av foreldre, tilsette og dagleg leiar som representant frå eigar.
- ✿ FUS er barnehagen sitt driftsselskap
- ✿ Lindås Kommune
- ✿ Pedagogisk psykologisk teneste
- ✿ Barnevernet
- ✿ Andre barnehagar i området.
- ✿ Ostertunet og Seniorsenteret
- ✿ Skulane i nærområdet.
- ✿ Kyrkja



2. PRESENTASJON AV PERSONALET

DAGLEG LEIAR



Ruth Henanger Jordal



PEDAGOGAR



Jorunn Zahl Soltveit



Gullborg Hølleland Vervik



Sandra Mangerøy Kårstad



Astrid Sande



Henriette Lokøy
Permisjon 2017/18

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDARAR/ASSISTENTAR



Henriette N. Telle



Linda Smådal



Therese A Nøttveit
Perm til 2017/2018



Ingeborg Bjørge Austrheim



Ingunn Vassdal



Kristine Å Kleiveland



Vigdis Åsgard



Silje Smådal



Suchanya C Matre



Yvonne Renate Borlaug

3. PLANARBEIDET

Formålet med årsplan for barnehagen er at den skal vera eit godt arbeidsverktøy for dei tilsette, informasjon til foreldre, tilsynsmyndighet, eigar og andre samarbeidspartnarar. Det er eit utgangspunkt for foreldra og SU til å påverka innhaldet i barnehagen.

Det er viktig å ha gode planleggingsverktøy for å nå dei måla vi har sett oss, og årsplanen er med på å sikra kvaliteten i arbeidet vårt med barna. Planen er utarbeida i samanheng med dei styringsdokumenta som ligg til grunn for drifta i barnehagen.

STYRINGSdokUMENT

Lov om barnehagar (av 1.6.2006)

Kapittel 1: Barnehagens formål og innhald

Kapittel 2: Barn og foreldres medverknad

Loven tar også føre seg avgjerder som gjeld godkjenning av drift, eigar av barnehagen, kommunen og fylkesmannen sitt ansvar og bemanning i barnehagen.

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN.

Vi har fått ny rammeplan som gjeld frå 1.8.2017. Rammeplanen seier noko om innhaldet i, og oppgåvene til barnehagen. Den seier også noko om kva verdiar som skal liggja til grunn for arbeidet i barnehagen. Planen dannar ei ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda vår. Rammeplanen har 7 fagområde som barna skal møta i kvardagen. Arbeidet med fagområda vert utdjupa nærare i denne årsplanen.

ANDRE STYRINGSdokUMENT

- ❁ Vedtektene til Ostereidet FUS barnehage
- ❁ Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skule
- ❁ Plan for overgang mellom barnehage og skule i Lindås kommune
- ❁ Serviceerklæring
- ❁ Barnehagen sin årsplan , verksemdsplanar og månadsplanar
- ❁ Etske retningslinjer for dei tilsette
- ❁ Personalpolitisk handlingsplan for FUS barnehagane



4. PEDAGOGISK PLATTFORM

I denne delen av planen vil vi sei noko om kva grunnholdningar vi har i Ostereidet FUS barnehage. Det vil komma fram korleis barnehagen stiller seg til, og jobbar med omgrepa leik, læring, omsorg og danning. Dette vil også komma fram i kapittelet om barns medverknad.


FUS BARNEHAGANE HAR FIRE HOVUDMÅL:

- ✿ FUS barn har positivt sjølvbilete
- ✿ FUS barn er trygge og forskande, trivst i leik og har vennekompetanse
- ✿ FUS barna gler seg til «resten av livet», dei veit at dei har moglegheit til å påverka og at innspela deira tel.
- ✿ FUS barn har det gøy i barnehagen

ALLE FUS BARNEHAGANE HAR EIN FELLES VISJON:



“SAMAN GJER VI BARNDOMMEN VERDI.
LEIK OG GLEDE.
KVAR DAGSMAGI OG VENNEGARANTI.”



VÅRE VERDIAR:

GLØDANDE. SKAPANDE. TILSTADES

Slik gjer vi alle barn best: Vi har fire prinsipp vi jobbar etter i FUS for å sørgja for læring og utvikling av kvart enkelt barn.

GOD KOMMUNIKASJON – Eg stiller barna opne spørsmål

EVENTYRLYST – Eg byr på meg sjølv i møte med barna

LEIKEKOMPETANSE – Eg kjenner vaksenrollen si betyding for utvikling av barna sin leik

VENNEGARANTI – Eg observerer, er «tett på» og bidrar til at alle barna er inkludert.

LEIK OG GLEDE

I Ostereidet FUS barnehage vil vi jobba for at leiken skal ha god plass i barna sin kvardag. Hovudmålsetjinga vår er at alle barn skal få delta i leik og det er vårt ansvar som vaksne å leggje til rette for dette. "Leik fører til godt kameratskap. Leik fører til utvikling på alle områder som vi ikkje ein gong kan tenkje ut. Leik fører til glede og mental helse".

Birgitte K. Olofsson.

Gjennom leik kan barna utvikla mange sider av sin kompetanse. I Rammeplanen står det; "Barn lærer og utviklar ein samansett kompetanse gjennom leiken". Dei får trening i å samhandla med andre på konstruktive måtar, og danne vennskap. Leiken er difor ein god arena for å utvikla språk og sosial kompetanse. Dei får utforska ulike miljø og situasjonar, og bearbeida inntrykk på ulike måtar. Leiken er også ein viktig del av barnekulturen og speglar ofte barnas opplevingar av samfunnet rundt oss. I leiken er det rom for å prøva ut ny kunnskap og ikkje minst rom for humor. Som det står i rammeplanen; "Leik , estetiske aktivitetar, humor og kreativitet er fenomen som har tilknytning til kvarandre. Små barns leik er tett forbunde med deira særeigne humor". Humor er ein viktig faktor for å skapa eit godt miljø for barna å vera i.

Leiken er barnas hovudarena for læring og personalet i barnehagen vår må vera tilstades for å støtta og oppmuntra. Dei skal tilføra nye element slik at barna utviklar sitt leikerepertoar. Dei skal og leggja til rette for at alle barna i gruppa opplever gode leikesituasjonar utifrå alder og modning.

KVARDAGSMAGI

I Ostereidet FUS barnehage vil vi ha eit glødande personale som skapar magiske situasjonar og gjev gode felles opplevingar i kvardagen. Vi vil ta vare på dei små magiske hendingane som skjer i møtet mellom barn og dei opplevingane dei gjev kvarandre. Det kan vere små augneblink der barna viser omsorg for kvarandre, viser spontan mestringsglede eller oppdagar nye ting. Slike opplevingar er med på å skapa eventyrlyst og eit godt læringsmiljø for barna våre. Dette bidrar til eit godt grunnlag for livslang læring fordi barna lærer gjennom alt dei opplever og erfarer. Vi undrar oss saman med barna og slik kan det veksa fram nye prosjekt. Ved å framheva og dokumentera kvardagsmagi gjev vi barn og vaksne positiv tilbakemelding på deira åtferd. Dette kan igjen fremja eit positivt sjølvbilete, inspirasjon til å visa omsorg og lyst til å finna ny kunnskap både for barn og vaksne. Gjennom humor viser vi vaksne at vi set pris på kvarandre og det skapar ei avslappa atmosfære for alle!

ALLE HOLDER HENDER
HER ER VI VENNER
FUS LEKER MEST
ALLE BARN ER BEST!

VENNEGARANTI

Det å ha ein ven i barnehagen er ein viktig trivselsfaktor. Alle barn har eit ynskje og eit behov for å ha ein ven. Ein som dei kan dele alt med. Ein som dei kan tøyse og tulle og ha fortrulege samtalar med. Ein som dei kan krangle med, og fortelle at dei aldri meir vil leike med, for så å gløyme alt og være venner igjen. Det er ei god kjensle når ein opplever at nokon ventar på deg om morgonen og blir glad når akkurat du kjem. Dette er med på å byggje ei positiv sjølvkjensle og god mental helse. Sosial kompetanse handlar om å samhandla positivt med andre i ulike situasjonar (jmf. Rammeplan s 19.)

Alle barn er forskjellige, og må bli møtt slik dei er. Vi må la dei få sjansar til å gje og få omsorg av kvarandre, dette spelar ein stor faktor på utviklinga av deira sosiale kompetanse. Barn må få trygge rammer rundt seg når det gjeld samhandling med andre og på den måten skjønne kva som er akseptabel oppførsel. Oppseing og danning må skje i nært samarbeid og forståing mellom barnehage og heim.

Vennskap endrar seg med alder og modning. Dei første åra er relasjonane meir opne, og i 2-3 års alderen begynner barna å ta meir bevisste val i høve til kven dei vil leika med. Vi jobbar mot at barna på sikt skal klare å etablere og oppretthalde nære venskaps relasjonar. Den viktigaste oppgåva for oss vaksne er å hjelpe og legge til rette for at alle barn kjenner at dei er inkludert i fellesskapet. Dei tilsette i barnehagen må


då vera bevisst sine haldningar, og korleis dei sjølv jobbar med dette området. Personalet må være tydelig, men samtidig vera anerkjennande og støttande overfor barna.

LIVMESTRING OG HELSE

Barnehagen skal ha ei helsefremmande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Borna si fysiske og psykiske helse skal fremmast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til borna sin trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og forebyggje krenkelsar og mobbing. Om eit barn opplever krenkelsar eller mobbing, skal barnehagen handtere, stoppe og følgje opp dette.



5. BARNS MEDVERKNAD




Barnehagen skal leggja til rette for at barna vert høyrd, og at dei har ein moglegheit til å påverka kvardagen sin. Dei vaksne skal lytta, setja grenser og ikkje gje barna val som kan vera til skade for seg sjølv eller andre. Barna skal ikkje overlatast eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta.

Ved alle val føl det konsekvensar. Eine konsekvensen betyr at du vel vekk noko anna. Andre gongar betyr det at ein må rydda opp etter eit dårlig val. Den vaksne skal vera der som støtte for barnet i slike situasjonar. Vi meiner at dette utviklar barna sitt sjølvstende. Måten barna får medverka på er ein viktig del av dannelsingsprosessen. Barna i barnehagen vår skal møte omsorgsfulle vaksne som tar barna sine kjensler og behov på alvor. For dei yngste barna våre kan dette vera ein av dei viktigaste måtane å medverka på. Dei grunnleggande behova for søvn, mat og nærleik kjem i første rekkje for dei yngste barna. Barna skal også verta møtt av anerkjennande vaksne i sine kjensleuttrykk. Det er greitt å visa at ein er sint. Den vaksne bekreftar at ein ser at barnet er sint, men må hjelpe barnet til å bearbeide sinnet sitt på ein slik måte at det ikkje går utover andre. Det er ein del av oppsedingsansvaret. Ved at dei vaksne set grenser er det med på å læra barnet å setja eigne grenser.

I Ostereidet FUS barnehage får barna medverka ved at:

- ✿ Vi deler barna inn i mindre grupper slik at alle lettare kan delta i dei ulike aktivitetane gjennom dagen.
- ✿ Personalet vel prosjektarbeid utifrå det dei ser barna er opptekne av.
- ✿ Vi planlegg prosjekt ved at barna uttrykkjer sine meiningar gjennom samlingar og kvardagsaktivitetar. Me tar også hensyn til kroppsspråk og interesser i samsvar med alder og modning. Hjå dei yngste barna må ein observere i større grad.
- ✿ Dei eldste barna får velja aktivitetar gjennom demokratiske prosessar
- ✿ Delar av dagen får barna fritt velja aktivitetar
- ✿ Barna møter anerkjennande vaksne i sine kjensleuttrykk.
- ✿ Barna får vera med å bestemma turmål
- ✿ Barna får delta i matlaging, dekking av bord og liknande
- ✿ Intervju/Ekspertsamtalar med førskulebarna i løpet av hausten av ein trygg vaksen. (kan ta svar med på foreldresamtale)
- ✿ Dagen skal leggst opp slik at grunnleggande behov som søvn, mat og nærleik skal koma i første rekkje utifrå alder og modning




6. SATSINGSOMRÅDE

Leiken skal ha ein sentral plass i vår barnehage. Vi skal inspirere til ulike typar leik. Det å leggje til rette det fysiske miljø, ser vi difor som viktig. Vi vil bidra til at barna skal få felles erfaringar som gjev grunnlag for utvikling av leiketema.

Målet vårt er at ALLE barn skal få delta i leik. Dei vaksne i vår barnehage skal være aktive og deltakande i samspelet med barna, slik at vi kan være med å bidra til at alle kjem inn i leik. Vi skal også være tilstades for å kunne rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster.

Sosial kompetanse er ei føresetnad for å kunne fungere godt saman med andre. Barna våre skal få oppleve å vera betydingsfulle for fellesskapet, både med barn og vaksne.



1. EIGENLEING I LEIK OG LÆRING

Kva er «Eigenleing i leik og læring»:

Eigenleing vert ofte omtalt som «hjernen sin dirigent» Det er evna til å vera aktiv og sjølvstendig i ei oppgåve over tid, og er eit felles omgrep på funksjonar i hjernen som set i gang og styrer det vi seier og gjer. Barna får øva på mange ferdigheter for å løysa kvardagens utfordringar. Som t.d. det å kle på seg – kva ein bør ta på først og kva som kan være lurt å ta på sist. (Planlegging og organisering) Eigenleing blir difor avgjerande for å ta i bruk egne ferdigheter så godt som mogeleg.

Forsking viser at rolleleiken er spesielt godt eigna til å utvikle eigenleing. I avansert rolleleik viser det seg at alle funksjonane vert teken i bruk og øvd på. Vårt mål er at kvart barn skal bli den beste versjonen av seg sjølv. Difor blir rolleleiken verdsett høgt i vår barnehage!

Slik legg me til rette for eigenleing:

- ❁ Barnehagen jobbar etter ein eigen verksemdsplan for «Eigenleing i leik og læring». Der har vi sett opp kva eigenleings funksjonar ein trenar i dei ulike situasjonane i løpet av dagen. Dette for at personalet skal vera bevisst på kva som er viktig å leggje vekt på, og korleis ein kan leggja til rette for god utvikling av eigenleingsfunksjonane.
- ❁ I bli kjent perioden om hausten «jaktar» dei vaksne på barna sine interesser, som danner grunnlaget for prosjektperiodane i okt-nov og jan-mars. Målet med prosjekta er å tilføra leiken nye element, slik at vi kan få meir avansert rolleleik.
- ❁ Vi bruker eigenleingshjulet som eit verktøy for å støtte barn som strevar med nokre av desse funksjonane.



2. SPRÅKSTIMULERING I BARNEHAGEN

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. For å ta aktivt del i kvardagen og i leiken er det å kunne forstå og bruke språket ein føresetnad. Både kroppsspråket og det verbale språket er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte erfaringar gjennom å lytte, samtale, dele tankar og kjensler er nødvendig for utvikling av eit rikt språk. (jf. Rammeplanen s. 19)

I barnehagen er tillit mellom barn og vaksne, og barn seg i mellom av vesentleg tyding. Barna må kjenne seg trygge, så dei vågar å kommunisere og har glede av det. Relasjonskompetanse hjå den vaksne vert difor svært viktig (jmf. DUÅ)

Slik legg vi til rette for eit godt språkmiljø:

- ❁ Vi i personalet er språklege modellar for barna, og vi er bevisst på å nemna ord og omgrep i daglege situasjonar som t. d. påkledning, måltid og liknande.
- ❁ I leiken er det viktig at vi set ord på, og/eller hjelper barna å setja ord på, det som skjer og tolke kroppsspråk.
- ❁ Vi vil bruke metoden «dialogisk lesing» som verktøy. Dette er ein systematisk måte å lesa bøker på som både fremjer god språkutvikling og gode relasjonar. Her er det ei bestemt gruppe barn saman med ein fast vaksen, som jobbar over fleire gongar med


same boka. Den vaksne har sett seg inn i boka og laga eit bokhefte på førehand. Dette heftet fungerer som ei oppskrift ein jobbar etter. Vi vil i hovudsak prioritera barn som sjeldan eller aldri vel høgtlesing sjølv, som har språkvanskar eller andre utfordringar i desse lesegruppene. I år vil vi bruka denne metoden mest i prosjektperiodane.

- ✿ Vi vil bruka bøker for å motivera, stimulera leselyst og leiken.
- ✿ Personalet føl med på barnas kommunikasjon og språk, og fangar på den måten opp barn som kan ha ulike former for kommunikasjonsvanskar.
- ✿ Vi i personalet vil bidra til at språkleg mangfald blir positivt for heile barnegruppa, og støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt samtidig aktivt fremma den norske språkkompetansen.
- ✿ Vi vil følgja «språkløyper» som kompetanseheving for personalet. I år vil vi jobba med ressurspakken: Språk og leseaktiviteter.

3. «DE UTROLIGE ÅRENE»

DUÅ er utvikla i USA av Carolyn Webster Stratton og det er gjort studiar som dokumenterer god effekt av programmet. DUÅ har fokus på å styrkje barn sin emosjonelle og sosiale kompetanse. Det fins program for foreldre, barn og tilsette i barnehage og skule. Dei aller fleste av våre tilsette har no vore gjennom barnehage - og skuleprogrammet. Programmet har stort fokus på bygging av positive relasjonar og bevisst bruk av ros, positiv merksemd og positive leiingsstrategiar. Programmet er viktig for oss fordi:

- ✿ Vi skal skapa ein god og positiv relasjon i møte med alle barn.
- ✿ Vi skal vera i forkant av dagen og leggje tihøva til rette for heile barnegruppa.
- ✿ Vi skal kunne møte barn som strevar tidleg, sjå kva dei treng og forebyggje at vansker utviklar seg.
- ✿ Vi skal bruke ros, positiv kommunikasjon og annerkjennelse som kan motivere barn i lek og aktivitetar.
- ✿ Vi skal vera tydelege rollemodellar og rettleie barnet både språkleg, sosialt og emosjonelt.
- ✿ Vi skal ha oversikt og tydelege rammer slik at alle barn kan oppleve trivsel, utvikling og læring



Slik jobbar vi med DUÅ:

Vi har laga eit årshjul som skal vera med å sikra at jobbar kontinuerleg med dei prinsippa vi no har lært gjennom workshopane. Under ser de ei forenkla utgåve av dette. Årshjulet vil i sin heilhet ligga som eit vedlegg til personalet.

PERIODE	FOKUSOMRÅDE	EKSEMPEL PÅ TILTAK
August/September:	Relasjonsbygging Proaktive strategiar	Barn og foreldre blir møtt på ein positiv måte. Vi har faste rutinar som gjev tryggleik for både små og store.
Oktober/November:	Ros og Oppmuntring	Vi bruker spesielt «Nabo-ros» der vi roser den åtferda vi ynskjer.
Desember:	Coaching i sosiale ferdigheter	Vi hjelper og rettleier barna i dei ulike situasjonar.
Januar/Februar:	Strategiplan	For barn som strever i sosiale ferdigheter, kan vi utarbeide ein strategiplan på korleis vi best kan hjelpe barnet vidare.
Mars/April:	Konsekvens	Vi vil omdirigere uønska åtferd, men vi vil også gjere avtalar der evt. tap av privileger blir ein konsekvens.
Mai/Juni:	Problemløysing	Hjelpe barna å ha strategiar for sjølvkontroll.

4. FUS SMARTMAT – FOR MATGLEDE OG GODE MATVANER

FUS smart mat er eit felles prosjekt i FUS kjeden der vi først og fremst skal ha fokus på matglede. Gode matvaner skal bidra til god utvikling og sikra at hjernen får rett næring. Barnehagelovens § 1: Barna skal få utfolda skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barnehageloven §2: Barnehagen skal ha ei helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale ulikheter.

Ut ifrå desse punkta i barnehagelova tenkjer vi at vårt fokus på matglede og matvanar er ein viktig del av det å ta vare på sin eigen kropp.

Barn er i aktivitet heile dagen og skal meistra mange utfordringar i leik og samspel.

Då meiner vi at det er viktig at dei får dei riktige byggeklossane for å få best mogeleg utgangspunkt for å takle desse.

Vi jobbar for at alle FUS tilsette skal forstå at:

- ✿ Mat er meir enn å bli mett (fortast mulig)
- ✿ At mat og helse heng saman
- ✿ At mat og fysisk tilstand heng saman
- ✿ At mat og psykisk tilstand heng saman
- ✿ At måltider og trivsel heng saman

Vi har 8 retningslinjer vi skal jobbe for å bli kjent med og implementere i vår barnehage. Vi vil ta for oss ei retningslinje pr. måned og bruke tid på å finne ut kva som fungerer for barnehagen. Korleis vi kan få dette til å bli ein naturleg del av kvardagen.

1. Vi serverer grønnsaker til alle måltider
2. Vi bruker rein fisk eller fiskemat med høyst mulig fiskeinnhold
3. Vi bruker rent kjøtt eller kjøttvarer med høyst mulig kjøttinnhold.
4. Vi bruker mest mulig næringsrikt korn.
5. Vi balanserer inntaket av ulike typer fett.
6. Vi bruker vann som tørstedrikk.
7. Vi bruker i størst mulig grad naturlige søtningsstoffer.
8. Vi har god balanse mellom varmmåltider og brødmåltider for å skape variasjon.

Vi ønsker å dele våre erfaringar og oppskrifter med foreldra. Og ha ein dialog med dei undervegs på kva val vi tar i barnehagen.



7. DOKUMENTASJON OG VURDERING AV ARBEIDET


ULIKE TYPAR DOKUMENTASJON:

- ✿ Bilete og biletsieriar
- ✿ Praksisforteljingar
- ✿ Intervju av 5 – åringane/ekspertsamtalar
- ✿ Etter samtykke frå foreldre brukar vi skjemaet "Alle med" for å systematisera dei observasjonane vi har av utviklinga til enkeltbarn. Vi brukar kartleggingsskjemaet "TRAS" der vi treng å gå djupare inn i barnets språkutvikling spesielt.
- ✿ Observasjonar
- ✿ Utstillingar
- ✿ Perm til kvart barn
- ✿ Bilete og samandrag eller kvardagsforteljingar på heimesida vår.

For å finna ut noko om korleis arbeidet vårt verkar på barna, og for å ha ei kontinuerlig utvikling i arbeidet, må vi dokumentera det vi gjer. Vi må heile tida sjå, tolka og forstå ulike situasjonar i kvardagen. Vi må ha fokus på korleis vi kan utvikla verksemda ved å ha vekt på det positive.

I Ostereidet FUS dokumenterer vi arbeidet vårt fordi:

- ✿ Vi ønskjer å synleggjera det vi har jobba med for barna. Dei får sjå bilete av seg sjølv, også saman med andre. Vi får gode samtalar rundt dei bileta vi ser. Barna får trening i å gjenkalla opplevingar dei har hatt.
- ✿ Foreldre skal få eit innblikk i kvardagen til barna. Dei kan få eit utgangspunkt for å samtale med barna om det dei har opplevd.
- ✿ Personalet brukar dokumentasjon som grunnlag for refleksjon over eige arbeid. Vi ønskjer å synleggjera prosessen vi er i med barna, og vegen mot dei måla vi har sett oss. Dokumentasjon kan og virka som ein inspirasjon i arbeidet.
- ✿ For eigar
- ✿ For kommunen som tilsynsmyndighet



ENGASJERENDE

BARNEHAGE



OMSORG

BARNEHAGEPLASS

LEK

INSPIRERENDE

ALLE BARN ER BEST!

VENNSKAP

PEDAGOGISK PLATTFORM

SMARTMAT

ROLLELEK

VENNEGARANTI

ERFARING

EGENLEDELSE

RESPEKT

GOD KOMMUNIKASJON

EVENTYRLYST

TRYGGHET

LÆRING



HVERDAGSMAGI

GLØDENDE

SKAPENDE

UTELEK



UTVIKLING

TILSTEDEVÆRENDE

GLEDE

MESTRING

OPPFØLGING

OPPLEVELSER

LEKEKOMPETANSE

MATGLEDE



VURDERING

Ein viktig del av utviklingsarbeidet i barnehagen er å evaluera verksemda vår. Det skal gjennomførast evaluering etter kvar periode og ei samla halvtårsevaluering. Vi har utarbeida bestemte malar i dette arbeidet for å sikra at alle delar av verksemda vert evaluert jamleg. Desse malane er utarbeida med utgangspunkt i serviceerklæringa vår. Dette for å sikra kontinuerlig arbeid med det som er forventa at vi skal levera. Heile personalet skal vera deltakande i vurderingsprosessen, medan dei pedagogiske leiarane har ansvar for å levera det skriftelege arbeidet etter gjevne fristar. Det vert også gjennomført medarbeidar- og brukarundersøkingar kvart år. Denne planen vert lagt fram for FUS og SU. Under finn de ei oversikt over kva som skal vurderast, formålet med vurderinga, kven skal delta og korleis og når det skal skje.

Kva skal vurderast?	Kva er formålet?	Kven deltar?	Korleis?	Når?
Evaluering av tilvenningsperiode	<ul style="list-style-type: none"> Sikra ein god start for barn og foreldre 	<ul style="list-style-type: none"> Personalet på den enkelte avdeling Pedagog ansvar for skrifteleg rapport 	<ul style="list-style-type: none"> Innspel, diskusjon og refleksjon på avdelingsmøte og personalmøte. Innspel frå foreldre skal vektleggast Observasjon av barnegruppa og enkeltbarn. 	Innan: Medio okt.
Prosjekthefta frå prosjekt	<ul style="list-style-type: none"> Synleggjera barna og dei vaksne sin læringsprosess. Vurdera grad av måloppnåing Avdekkja behov for endring av praksis 	<ul style="list-style-type: none"> Personalet på den enkelte avdeling Pedagog ansvar for arbeidet på sin avdeling 	<ul style="list-style-type: none"> Innspel, diskusjon og refleksjon på avdelingsmøte og personalmøte. Innspel frå foreldre skal vektleggast Observasjon av barnegruppa og enkeltbarn. 	Innan: Haust: Medio des. Vår: Medio april
½ års rapport	<ul style="list-style-type: none"> Sikra at vi jobbar mot dei måla vi har sett oss Synleggjera dei erfaringane som er gjort i perioden Synleggjera behova for evt. endring og plan over korleis desse endringane skal gjerast. 	<ul style="list-style-type: none"> Personalet på den enkelte avdeling Pedagog ansvar for skrifteleg rapport 	<ul style="list-style-type: none"> Innspel, diskusjon og refleksjon på avdelingsmøte og personalmøte. Innspel frå foreldre skal vektleggast Observasjon av barnegruppa og enkeltbarn. 	Innan: Haust: Medio jan. Vår: Medio juni
Brukarundersøking/ Medarbeidarundersøking	<ul style="list-style-type: none"> Måla tilfredshet hjå kundane våre/dei tilsette Avdekkja behov for endring 	<ul style="list-style-type: none"> Foreldra i barnehagen / Personalet 	<ul style="list-style-type: none"> Nettbasert løysing og kjem frå Trygge barnehager sentralt. DL ansvar for å gå gjennom resultatet med personalet og laga handlingsplan som skal opp i SU og sendast til FUS 	Annakvart år


Våre arenaer for vurdering:


- ✿ Møte i leiarteamet.
 - Tilbakemeldingar frå dei ulike avdelingane vert drøfta og lagt til grunn for vidare arbeid.
- ✿ Avdelingsmøter
- ✿ Uformelle og formelle samtalar med foreldre
- ✿ Tilbakemeldingar frå barna.
 - Gjennom observasjonar og ved å tolka kroppsspråk hjå dei yngste barna.
- ✿ Personalmøter/Planleggingsdagar
- ✿ Intervju med 5-åringane




8. FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN


Her kjem ein oversikt over fagområda der mål og tiltak er sett opp med tanke på progresjon for barna i dei ulike aldersgruppene.

FAGOMRÅDE	MÅL – KVA VIL ME OPPNÅ?	TILTAK – KVA GJER ME?
KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST  <ul style="list-style-type: none"> • Samtale • Leik og sosial kompetanse • Rim og regler, song og rytme 	<p>Alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skapa eit språkstimulerande miljø <p>1-2 åringen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barna bruker språket for å uttrykkje kjensler, ønskjer og behov • Bli kjend og trygg med nye omgrep • Barna får eit positivt forhold til bøker og songar <p>3-4 åringen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barna bruker språket til å skapa positive relasjonar i leik og anna samvær og løyse konflikhtar • Bli bevisst på rytme og lydar i språket • Vidareutviklar omgrepsforståinga <p>5-6 åringen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruka eit rikt ordforråd i dialog med andre barn og vaksne • Bli meir fortruleg med symbol som tal og bokstavar • Tal og bokstavar er tilgjengeleg til leik og utforsking på avdelinga • Øve opp konsentrasjon • Bli kjende med bøker, songar, bilete og media. 	<ul style="list-style-type: none"> • Den vaksne skal vera eit førebilete og støtte når ein lyttar og gjer respons • Bruke kokreter, rørsler og bilete som støtte til enkle songar og forteljingar. • Øver på å setja ord på ulike behov og kjensler • Hjelpemiddel: "Steg for steg" • Bøker er tilgjengeleg for barna, og dei vaksne er med å skapa positive opplevingar med bøker • Dialogisk lesing • «Fonomagika» - fokus på lydar i språket • Munnleg forteljing t.d. eventyr • Stimulere til rolleleik • Fremje tillit mellom barna og mellom barn og vaksne. • Bruka aktivt rim og regler. Tøysa med språket. • Språkgrupper på alle alderstrinn • Bordkort med namn • Kalender med tal • Lesa forteljingsbøker over eit lengre tidsrom med dei eldste. • Førskulegruppe: Vi brukar Språklek 2 som er eit opplegg der vi jobbar systematisk med språkleg bevissthet. • Laminere bokstaver og tall som barna kan leike med. • Barna får vera med på å leita etter informasjon på internett og t.d. behandling av bilete på PC. • Besøk av bokbuss og bokbåt



FAGOMRÅDE	MÅL – KVA VIL ME OPPNÅ?	TILTAK – KVA GJER ME?
KUNST, KULTUR OG KREATIVITET  <ul style="list-style-type: none"> • Musikk • Kunst og handverk • Digitale verktøy 	<p>1-2 åringen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barna vert kjend med ulikt formingsmaterieill og deira eigenskapar i takt med barnets modning og motoriske utvikling • Får møta ulike uttrykksformar som musikk, dans og drama. <p>3-4 åringen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikla erfaring med ulike formingsmaterieill og deira eigenskapar i takt med barnets modning og motoriske utvikling <p>5-6 åringen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta meir sjølvstendige val av materiale utifrå kva ein ønskjer å uttrykkja • Gje barna høve til å bli kjende med tradisjonar innanfor handverk og kultur i lokalmiljøet • Ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna vert introdusert for ulike teknikkar, materialar, verktøy, og teknologi til å uttrykke seg estetisk. • Sørgje for at barna dagleg har tilgang til bøker, bilete, instrument, utstyr til å kle seg ut med og rikeleg, variert materiale og verktøy for skapande verksemd • Ha respekt for barnas uttrykksformer. • Leggje til rette for utforsking og undring i høve til estetiske fenomen som vi møter i naturen og det fysiske miljøet rundt oss. • Endre det fysiske miljøet viss det er nødvendig for at barnet får uttrykkja seg allsidig

FAGOMRÅDE	MÅL – KVA VIL ME OPPNÅ?	TILTAK – KVA GJER ME?
KROPP, BEVEGELSE, MAT OG HELSE   <ul style="list-style-type: none"> • Positivt sjølvbilete • Sunt kosthald 	<p>Alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barna får ein positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring • Barna får varierte erfaringar i fin- og grovmotoriske aktivitetar tilpassa alder og modning • Bevege seg i naturen • Bli kjend med sansane våre • Sunt og variert kosthald med gode matvanar • Barna skal få utvikla forståing og respekt for eigen og andre sin kropp og at vi er ulike. • Få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider • Barna skal ha mulighet for ro, kvile og avslapping i løpet av dagen. 	<p>Alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Snakke, syngje og røre ved dei ulike kroppsdelane t.d i stellesituasjonen for dei yngste • I samlingstund - ta på/ bli kjent med ulike kroppsdelar • Legge til rette for handvask før måltider og liknande • «Rein hand» prosjekt frå Lindås kommune • Bruke spegel • FUS SmartMat • Fysisk aktivitet på puteromma i barnehagen. • Bruk av gymsal i periodar • Turdag kvar veke. • for dei som har behov for det • Kvilestund i form av lego, lesestund eller rolege bordaktiviteter.



FAGOMRÅDE	MÅL – KVA VIL ME OPPNÅ?	TILTAK – KVA GJER ME?
NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI   <ul style="list-style-type: none"> • Dyr • Årstider • Vær 	1-2 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Bruke naturen rundt barnehagen til ulike årstider • Barna får oppleve endringane i naturen og kva vi kan bruke den til. 	1-2 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Turar rundt nærområdet og plukka eple. • Laga syltetøy. • Turar rundt nærområdet, å oppleve naturens mangfald, både med dyr og mat. • Bruka terrenget utanfor gjerdet til barnehagen • Leike med vatn, lage og blåse såpebobler
	3-4 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Oppleve glede ved å ferdast i naturen. • Kunnskap om dei mest vanlege dyra og vekstane i vårt nærmiljø. 	3-4 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Alle får minst ein tur i veka. • Turar til skog og nærmiljø. • Samtale om dyr, fisk og planteliv.
	5-6 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Få innsikt i miljøvern • Bli kjent med mangfaldet i naturen. • Lære og observere, undre seg, eksperimentere, systematisere, beskrive og samtale om fenomen i den fysiske verda. 	5-6 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Alle får minst ein tur i veka • Resirkulering – barna tar aktivt del i sortering av søppel. • Leggje til rette for mangfald • Gje gode naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring.
	Alle: <ul style="list-style-type: none"> • Få innblikk i matvareproduksjon 	Alle: <ul style="list-style-type: none"> • Barna får vera med å laga ulik mat.

FAGOMRÅDE	MÅL – KVA VIL ME OPPNÅ?	TILTAK – KVA GJER ME?
ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI   <ul style="list-style-type: none"> • Toleranse • Kristne høgtider. • Undre seg og stille spørsmål. 	Alle: <ul style="list-style-type: none"> • Få kjennskap til grunnleggande verdier i kristen og humanetisk arv og tradisjon og blir kjent med religionar og livssyn som er representert i barnehagen. • Gje rom for tenking, samtalar og filosofi • Bli kjend med religion, etikk og filosofi som del av kultur og samfunn. • Barna skal lære å vise omsyn og ha respekt for kvarandre. • Barna skal få kjennskap til ulike høgtider og tradisjonar i samband med desse. • Barna skal få filosofere utan at fokuset ligg på dei "rette" svara. 	Alle: <ul style="list-style-type: none"> • Markere jul og påskehøgtid med forteljing og dramatisering. • Julegudsteneste/ Påskevandring • Vi lagar julepynt/påskepynt • Fellesarrangement som julegrantenning, nissefest og påskefrukost. • Møta barnas spørsmål og undring med alvor og respekt
		1-2 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Fokus på korleis me er mot kvarandre. • Empati: Steg for steg 0-3 år. • Ha fokus på kva som er rett og gale
		<ul style="list-style-type: none"> • Byggja vidare på barnas kunnskap om rett og gale. • Bruk av vennekort og små vennebøker. • Element frå Steg for steg 3-6 år
	5-6 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Ta barns spørsmål på alvor og bruke tid til å "filosofera" saman med dei. Barna får ei oppleving av at dei vaksne ikkje alltid har eit "riktig" svar. 	

FAGOMRÅDE	MÅL – KVA VIL ME OPPNÅ?	TILTAK – KVA GJER ME?
NÆRMILJØ OG SAMFUNN   <ul style="list-style-type: none"> • Lokalkunnskap. • Likeverd • Korleis media påverkar kvardagen til barna. • Noreg 	1-2 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med nærmiljøet rundt barnehagen 	1-2 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Gå turar til butikken, kyrkja, skulen og fotballbana
	3-6 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med lokalsamfunnet gjennom natur, kunst, kultur og arbeidsliv • Bli kjent med at samane er Noregs urbefolkning og få kjennskap til samiske forteljingar, segn og andre delar av samisk kultur og kvardagsliv. • Noregshistorie – lære om korleis Noreg vart eit fritt land. 	3-6 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Besøkje kyrkja, skulen, butikken og gamleskulen • Bruke aktivt naturområda rundt barnehagen • Tur med Dampbåten «Oster» når det er mogeleg.
	Alle: <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle forståing for ulike tradisjonar og levesett. • Oppleve at det tas like mykje omsyn til jenter og gutar. • Bidra til at barna kan forholde seg nysgjerrige og kritiske til det som formidlast gjennom mediabilete. 	Alle: <ul style="list-style-type: none"> • Besøkje Seniorsenteret på Ostertun i mindre grupper • Jámlege besøk av bokbussen • To gonger i året kjem bokbåten "Epos" til Ostereidet • Bruke litteratur og medias muligheiter for å utvide og utdype barnas erfaring og læring.

FAGOMRÅDE	MÅL – KVA VIL ME OPPNÅ?	TILTAK – KVA GJER ME?
TAL, ROM OG FORM   Tal Form Sortering	1-2 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Kunne skilja mellom ein og mange • Kunne talrekkja til 10 • Setje ord på formane trekant, firkant og sirkel • Kjenne til plassering i rommet. 	1-2 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Bruka peiketeljing. Døme: telja bilete, barn i samling. • Bruke kalender • Preposisjonssong og bruk av preposisjonar i samlinga.
	3-6 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Meir forståing av innhaldet i tala til 10 • Få erfaring med ulike typar storleik, formar og mål. • Vidareutviklar barnas forståing av plassering i rommet. 	3-6 åringen: <ul style="list-style-type: none"> • Sortere leikar og ting på avdelinga og ute i naturen. • Vera bevisst bruken av omgrepa for ulike former og storleikar i kvardagen • Bruke kalender. • Utforska / studera formar og storleikar. • Bruka målereiskapar som litermål og vekt. • Bruke ulike typar brettspel • Tala og formane er synlege i det fysiske miljøet.

9. TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

I Lindås kommune jobbar ein med å bli godkjent som «trafikksikker kommune». Dette er også noko barnehagen vår har vore ein del av. Konseptet er utvikla av Trygg Trafikk og for å bli ein trafikksikker barnehage må vi oppfylle visse kriterier. På foreldremøte hausten 2015 var det representantar frå Trygg Trafikk som sette fokus på dette viktige temaet. Barnehagen har også gått igjennom og oppgradert rutinar som skal sikra at barna våre skal ferdast i eit trafikksikkert miljø rundt barnehagen og på turar både til fots og i bil/buss. Barna skal lære enkle trafikkreglar for fotgjengarar, om sikring i bil, bruk av sykkelhjelm og refleks. Dette er også noko vi oppfordrar foreldre til å ha fokus på heime. Vi minner om reglar som gjeld for sikring av barn i bil. <https://www.tryggtrafikk.no/tema/sikring-av-barn-i-bil/> Det er viktig at foreldre og personalet sløkkjer og låser bilen når dei forlet den på parkeringsplassen, og at porten inn til uteleikeplassen alltid vert lukka. Barnehagen har også meldt seg inn i «Barnas trafikkklubb» der vi får tips og idear til korleis vi kan jobbe med dette temaet med barna.



10. OVERGANGAR

NÅR BARNET BYRJAR I BARNEHAGEN

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggja til rette for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen. Vi vil tilpassa rutinar slik at barna vert kjent både med personalet og dei andre barna. Barnet vil i den første tida få tett oppfølging slik at det kan oppleve tilhørighet og tryggleik. Vi tar høgde for at barn har ulike behov og tilpassar oppstarten etter desse. Personalet skal ha spesielt fokus på sine kunnskapar om relasjonsbygging i den første «bli kjend» tida.

OVERGANGAR I BARNEHAGEN

Personalet vil sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjemt med barn og personalet når dei bytter avdeling. Vi legg til rette for at barna skal få besøke den nye avdelinga jamleg dei siste månadane av barnehageåret.

OVERGANGEN MELLOM BARNEHAGE OG SKULE

Barnehagen føl Lindås kommune sine rutinar for overgang barnehage – skule. Hovudmålet med denne planen, er å sikra god kontakt mellom barnehage og skule, slik at barna kan få ein trygg og god overgang. Med desse rutinane ønskjer vi å følgje tilrådingane frå kunnskapsdepartementet (juni 08):

- ✿ Barnehagetiden avsluttes på en god måte, og skulen og skulefritidsordninga førebur seg på å ta imot barnet.
- ✿ Barnet blir kjent med skolen i god tid før første skoledag.
- ✿ Det er sammenheng og progresjon i læringsinnholdet i barnehage og skole.
- ✿ Foreldre godkjenner informasjonsoverføring fra barnehage til skole og har muligheter for aktiv medvirkning i denne.
- ✿ Lærere i barnehage og skole har felles møteplasser for forventningsavklaringer, kompetanseutvikling og felles planlegging.
- ✿ Kommunen initierer, planlegger, kontrollerer og følger opp samarbeidstiltak gjennom overordnede planer. Planene bør inkludere både kommunale og private barnehager og skoler.
- ✿ Barnehage- og skoleeier har det overordnede ansvaret for å legge til rette for samarbeid.



ALLE HOLDER HENDER
HER ER VI VENNER
FUS LEKER MEST
ALLE BARN ER BEST!

Planen inneheld blant anna dette: Kvart år har vi foreldresamtalar med foreldra om våren, og blir einige om kva informasjon skulen får om ditt barn, tre møte med fadderane på Ostereidet barneskule, det vert to førskuledagar i mai, besøk på SFO, læraren som skal ha første klasse kjem også på besøk i barnehagen i mai dersom dette let seg gjere.

11. KOMPETANSEHEVING AV PERSONALET

Eigenleing i leik og læring

Kursing av pedagogar og Fagarbeiarar/assistentar

«De utrolige årene»

Heile personalet har no gjennomgått DUÅ opplæringsprogram som har bestått av 6 samlingar med øvingar og veiledning. Der relasjonskompetanse er i hovudfokus. Vi jobbar vidare med implementering av DUÅ strategiar i barnehagen. Dette arbeidet tar utgangspunkt i evaluering av arbeidet vårt. Vi får etterveiledning frå PPT gjennom ressursteamet. Det er også oppretta ei ressursgruppe i barnehagen som har eit spesielt ansvar for å holde seg oppdatert og setje ulike DUÅ tema på dagsorden.

Språkløyper

Dette er ei nasjonal strategi for språk, lesing og skriving. Vi vil dette året jobba med ressurspakken: Språk og leseaktiviteter. Denne pakka har tre kjernekomponentar fordelt på ti økter som skal gjennomførast i løpet av eit år. Kjernekomponentane er: Språklæring, Ulike måtar å lese på og lesing for alle.

FUS-skolen

Overordna fagplan

Førstehjelpskurs

Personalgruppa gjennomgår dette annakvart år.

HMS-kurs

Verneombud og dagleg leiar gjennomgår eige kurs for HMS arbeidet i barnehagen.

Opplæring/veiledning

Intern opplæring av nytilsette og nyutdanna

12. ÅRSHJUL I OSTEREIDET FUS BARNEHAGE

I hovudsak føl barnehagen Lindås kommune si skule- og barnehagerute når det gjeld planleggingsdagar.

AUGUST:

14. og 15. Planleggingsdagar - Barnehagen er stengt.

SEPTEMBER:

Foreldremøte. Val av SU-representantar.

OKTOBER:

Prosjektperiode
Ekspertsamtalar med 5-åringane
Foreldresamtalar

NOVEMBER:

Prosjektperiode
10. Planleggingsdag - Barnehagen stengt
30. Julegrantenning med prosjektkafe 16.00 – 18.00.

DESEMBER:

Nissefest for barna
Julegudstjeneste med julemiddag i kyrkje-kjellaren for barna. Nokre foreldre hjelper til med mat og servering.

JANUAR:

Prosjektperiode

FEBRUAR:

Prosjektperiode
2. Planleggingsdag – barnehagen stengt
Karneval for alle barna i barnehagen

MARS:

Frist for å levere inn melding om påske/vinterferie 20. mars

Prosjektperiode

Foreldremøte/Temakveld for foreldre og personalet

Påskevandring med alle barna – innblikk i den kristne påsken

Påskefrukost for foreldre fredag før palmehelga.

APRIL:

Tema: «Den magiske våren»

FRIST for å levere inn melding om sommarferie 15. april

Foreldresamtalar

26. FUS dagen


MAI:

18. Planleggingsdag - Barnehagen stengt.

JUNI:

Starten av juni er det sommarfest i barnehagen kl. 16.00 – 18.00

Foreldremøte for nye foreldre. Presentasjon og omvisning av barnehagen.





Ostereidet